

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmene
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Egil Vikse, Fagdirektør og
Renate Grüner, Forskingsdirektør
SAKA GJELD: Regional strategi for forskning og innovasjon

ARKIVSAK: 2023/814
STYRESAK: 122/23

STYREMØTE: 06.12. 2023

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest sluttar seg til ny *Regional strategi for forskning og innovasjon for 2024-2030*.

Oppsummering

[Det regionale samarbeidsorganet for forskning og innovasjon](#) (heretter Samarbeidsorganet) har i år arbeidd med ny strategi for samarbeid om helseforskning og innovasjon for perioden 2024 til 2030 mellom sjukehusa, universitet og høgskular i regionen.

Strategien er særleg retta mot samarbeidsflaten mellom sektorane og institusjonane og har som mål å styrke det regionale samarbeidet. Å utarbeide ein felles regional forskingsstrategi innan samhandlingsområda forskning, innovasjon og utdanning er nedfelt i [Rammeavtale mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane i helseregion Vest](#).

Informasjon om prosessen blei gitt i sak til styret i november 2023 (108/23). Etter denne styrebehandlinga er tilbakemeldingane frå styret vurderte saman med andre innspel, og oppdatert strategi blei lagt fram for Samarbeidsorganet 24. november 2023. Samarbeidsorganet anbefalar at styret vedtek strategien slik den no ligg no føre.

Fakta

Strategien har ei visjon, seks delmål og mellom tre og fem innsatsområde for kvart delmål. I tillegg vil strategien bli fylgt av ein handlingsplan der konkrete tiltak for kvart innsatsområde og indikatorar for å måla utviklinga er beskriven. Samarbeidsorganet vil kvart år prioritere mellom dei aktuelle tiltaka og velje ut dei som kan gi størst effekt.

Kommentarar

Målet med saka er å få styret i Helse Vest si tilslutning til *Regional strategi for forskning og innovasjon for 2024-2030*.

Styret hadde under førre handsaming av strategien fleire kommentarar og innspel. Det blei mellom anna spurt om i kva grad denne forskings- og innovasjonsstrategien svarer ut tiltaka i Regional utviklingsplan 2035. Sjølv om utviklingsplanen i mindre grad adresserer forskning og innovasjon direkte, er det fleire tema som går igjen i begge, slik som fokus på berekraft i tenesta og forskning som kan gi meir effektiv helsehjelp. Samarbeidsorganet ønskjer å bygge forskarkompetanse og legge til rette for forskning og innovasjon i heile regionen. Samarbeidsorganet vil gjennom strategien støtte opp under målet om å ha ein organisasjon som er attraktiv for nye medarbeidarar i Regional utviklingsplan 2035.

Vidare blei det peika på at vårt ambisjonsnivå må gå utover det regionale. Forskinga i vår region er av høg kvalitet og våre forskarar hevdar seg internasjonalt. Samstundes vert tenesta utvikla lokalt gjennom kliniske studiar, og mange pasientar får tilbod om ny behandling gjennom kliniske studiar. Det er dermed viktig at heile regionen tek del i dette. Strategien har som mål å styrka dei gode miljøa, men også gjere det mogleg for nye miljø å byggje seg opp. I vår helseregion er vi tett kopla saman gjennom IKT-system og forskingsinfrastruktur, og vi har etablert regionale støttetjenester som gjer det enklare for klinikarar og forskarar å ta del i kliniske studiar.

Forsking har ein eigenverdi og er viktig for kunnskapsutviklinga og for kvalitet og tilbod i pasientbehandlinga. Difor er kvalitet i forking og forking for kunnskapsutviklinga si skuld framleis det mest sentrale. Som fremja i strategien kan forking og innovasjon samtidig bidra til berekraft og effektivisering i tenesta, til dømes ved å ta i bruk nye løysingar som er utvikla basert på kunstig intelligens og anna digitalisering. Strategien støtter kunnskapsbasert implementering og effekt- og tiltaksforsking, som er i samsvar med måla om berekraft og effektivisering i Regional utviklingsplan 2035.

Konklusjon

Det regionale samarbeidsorganet for forking og innovasjon har i år arbeidd med ny strategi for samarbeid om helseforsking og innovasjon for perioden 2024 til 2030 mellom sjukehusa, universitet og høgskular i regionen. Strategien er særleg retta mot samarbeidsflaten mellom sektorane og institusjonane og har som mål å styrke det regionale samarbeidet.

Utkastet til ny strategi blei godkjent i det regionale samarbeidsorganet for forking og innovasjon i deira møte 24.11.2023. Administrerande direktør si tilråding er at styret i Helse Vest sluttar seg til ny Regional strategi for forking og innovasjon for 2024-2030.